




Vekeplan 3. trinn veke 7

Dette arbeider me med:	
Norsk	Øva på å lesa forteljingar og segn. Ta SALTO på tekst. Stavskrift – øva på samanhengande skrift
Matematikk	Multiplikasjon = Gonge Multiplikasjon er gjenteke addisjon 3- og 4 -gongen
Engelsk	Dramatisera eventyret The three little pigs
Sosial kompetanse/ Eples venner	Øva seg på kva dei vil seia i vanskelege situasjonar

Lekser:	Til tysdag	Til onsdag	Til torsdag	Til fredag
Norsk	Salto lesebok 3B: Les s. 42-43 saman med ein vaksen heime. Ta SALTO på teksten: Superblikk Alt eg veit Lesemåte (vanskelege ord) Tenkestopp Oppsummering	Salto lesebok 3B: Les s.44 tre gonger for ein vaksen heime	Salto lesebok 3B: <u>Nivå 1:</u> Les det første avsnittet s.46 tre gonger for ein vaksen heime. <u>Nivå 2:</u> Les s. 46 to gonger for ein vaksen heime.	Ark i heftet: Gjer ferdig arket med bokstavar, der me øver på samanhengande skrift. Ein vaksen skal sitja med deg. Hugs underskrift frå mor eller far.
Matematikk		Ark i raud mappe		Ark i raud mappe
GOTD	Fortel hintet til ein vaksen. Diskuter kva det kan vera. Det er ikkje lov å søka på nettet.	Fortel heime kva du har fått vita om "grejen". Kan du finna ut noko meir?		

Timeplan:

	Måndag	Tysdag	Onsdag	Torsdag	Fredag
0815-09:45	Frileik/ Stillelesing Matematikk	Frileik/ Stillelesing Norsk	Frileik/ Stillelesing Samfunnsfag Bibliotek	Frileik/ Stillelesing UTESKULE	Frileik/ Stillelesing Matematikk Norsk
09:45-10:00	Friminutt	Friminutt	Friminutt	Friminutt	
1000-10:50	Naturfag / Kroppsøving / Musikk	Engelsk	Stasjonar (norsk og matematikk)	UTESKULE	Kunst og handverk
10:50-11:20	Mat	Mat	Mat	Mat	Mat
11:20-11:45	Friminutt	Friminutt	Friminutt	Friminutt	Friminutt
1145-1245	Naturfag / Kroppsøving / Musikk	Matematikk	Stasjonar (norsk og matematikk) Leik	UTESKULE	Sosial kompetanse. Me er alle ulike
1245-1400	Naturfag / Kroppsøving / Musikk				

Informasjon til heimen:

- Me vil framover øva på samanhengande skrift. Samanhengande skrift er meir funksjonell. Ho sit betre i handa, ho gir skrifta flyt, ho gjer det mindre slitsamt for elevane å skriva, dei skriv raskare, og ikkje minst; når skrifta er innarbeida, kan elevane fokusera på andre element ved skrivinga: innhaldet. I tillegg utviklar elevane ei personleg skrift.
Me vil gjerne at de foreldre er med på å følgja opp denne øvinga. Me øver både på skulen og i lekse. Arka som dei jobbar med på skulen, sender me heim i mappa kvar måndag, slik at de kan sjå korleis barnet jobbar. Arka er tosidige, og det er lekse til fredag å gjera ferdig arket, og få underskrift av ein vaksen. Barnet må følgjast opp med trening, systematikk og individuelle tilpassingar. Det er fint om de sit med barnet slik at de kan vegleia dei.
- På torsdag skal me på uteskule. Me skal ha utestasjonar i matte, norsk og engelsk. Me vil ha bål, så det er fint om dei som har, kan ta med ei vedkubbe.
Dei som vil kan ta med pølse til å grilla på bålet. Elles er det også lov å ta med varm drikke og 3 stk kjeks.
- Tradisjonen tru vert det karneval på Bryne skule fredag før vinterferien. Me oppfordrar til gjenbruk!

Mvh alle oss på 3. trinn